



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellestråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 71171540  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no

## Møteprotokoll

**Utval:** Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)  
**Møtedato:** Tysdag 16. oktober  
**Møtetid:** 19:10 – 21:20  
**Møtestad:** Kyrkjelydshuset

### Desse møte:

Svein Løwe, Ingunn Hjelmås, Gro Merethe Hoksnes, Jan Magne Breivik, Oddmund Arne Varhaugvik, Anja Helen Otterlei, Audhild Mork og Kristian Finn Risung, Eva-Beate Opskar Nybø

### Vidare møte:

Frank Harald Vestad som sekretær (kyrkjevevje)

### Forfall meldt:

Mette Myrseth Oterhals (ingen kunne stille som vara)

### Permisjon:

Inger Kristine Kjellnes, Inga Sølvi Korsvik Melby

**Innleiingsord:** Svein Løwe (i staden for Oddmund Varhaugvik)

### Sakliste

**Sak 18/2018:** Godkjenning av møteprotokoll av møte 18.09.2018

**Vedtak i SFR:** Godkjent

**Sak 19/2018:** Godkjenning av innkalling møte av i dag

**Vedtak i SFR:** Godkjent

**Sak 20/2018:** Stilling kyrkjevevje, auke til 100 % stilling

I budsjettmøte med Aukra kommunen bekrefta dei munnleg at sokne- og fellestrådet forvaltar sjølv dei prosjektmidlar dei allereie har fått, og at vi eventuelt kan bruke prosjektmidlar til å lønne kyrkjevevja dei manglande 20 % på ei full stilling. Vi fekk ikkje gehør for auke i lønnskostnad i budsjett. Kyrkjevevja brukar reelt mange timar på arbeid som er relatert til dei ulike prosjekta våre, og det er naturleg nok ein del av prosjektkostnaden slik sett.

**Innstilling frå AU til vedtak:**

Kyrkjeverje får 100 % stilling ved at 20 % blir løna ut frå prosjektmidlar. Dette med verknad frå 01.01.2019.

**Vedtak i SFR:** 20 % stillingsprosent blir lønna ut ifrå prosjektmidlar slik at det totalt sett blir 20 % + 80 % stilling for kyrkjeverje. Dette må tydeleggjerast i ein ny arbeidsavtale der det kjem fram at denne stillingsauken er midlertidig, til prosjekta er avslutta.

Arbeidstida skal utførast innafør normal arbeidsveke.

**Sak 21/2018:** Tilrettelegging av gravplass for andre trussamfunn sine behov (muslim).

Ein har plikt til å dekke kostnad for gravplass annan stad om ein ikkje har tilrettelagd dette i eget sokn. Vi må i så fall få kommunen til å dekke denne ekstrakostnaden, også ved tilrettelegging og oppretting av eigna gravplass.

Vi ser for oss å kunne tilretteleggje gravplass/-felt i øvre hjørne (mot KLH) av kyrkjegarden som muslimsk gravplass.

For å tilretteleggje/finne ein eigna gravplass, må vi høyre med vår eigen organisasjon og muslimsk råd for retningsliner i så fall.

**Innstilling frå AU til vedtak:**

Tilrettelegging av gravplass for muslimsk gravferd i øvre hjørne mot Kyrkjelydshuset.

**Vedtak i SFR:** Samtykker i innstillinga frå AU. Det vert teke inn og implementert i gravferdsreglementet vårt.

**Sak 22/2018:** Offersøknader 2019

Gudstenesteutvalet har fått denne oppgåva tidlegare.

**Innstilling frå AU til vedtak:**

Sokne- og fellesrådet delegerer dette til Gudstenesteutvalet, samt mynde for vedtak til denne.

**Vedtak i SFR:** Aukra Sokne- og fellesråd delegerer til Gudstenesteutvalet og lager innstilling til offerliste. Frist til desembermøte til å kome med denne innstillinga.

**Sak 23/2018:** Førjulssamkome

Det har tradisjonelt vorte arrangert eit Førjulssamkome for stab og sokne- og fellesråd, og for alle dei som har bidratt og vore deltakande i ein eller annan samanheng for soknet.

**Innstilling frå AU til vedtak:**

Det vert køyrt same opplegg som tidlegare, og foreslår dato laurdag den 8. desember («Lys vaken» er helga føre).

**Vedtak i SFR:** Det inviterast til førjulssamkome den 8. desember opent ut til alle innbyggjarar i Aukra kommune. Det betalast eigenandel på kr 100,-. Opplegg og arbeidsfordeling blir omtrent som året føre:

Invitasjon/betaling/program/takk: Frank, Jan Magne, Inga Sølvi, Ingunn  
Innkjøp/ tilordning av mat/servering: Svein, Oddmund, Eva Beate, Geir  
Praktisk tilrettelegging/pynt/dekorasjon: Gro Merete og Anja

Alle i Soknerådet er med og ryddar opp etter at samkomet er ferdig.

### **Orienteringssaker:**

#### Utkast budsjett og søknader midlar for 2019

Da det er fristar å forhalda oss til, vart det laga til eit budsjettutkast og søknad om midlar som vi har levert kommunen. Dette leggast ved her for gjennomsyn for sokne- og fellesrådet.

#### Konfirmandundervisning

Trusopplæringsutvalet har hatt eitt møte. Kristian og Evy har presentert det dei hadde og har opplegg på, noko som er endra for gjeldande kull i forhold til førre kull. Utvalet skal ha eit møte til.

### **Eventuelt:** Gudstenester Julsundet

Det er planlagd 2 Gudstenester i Julsundet i desember. Eitt den 16. desember, den andre på juleaftan. Det stillast spørsmål til opplegget for julegudsteneste, og om kor vidt soknepresten skal vere på Gossen eller på Julsundet.

#### Misjonstivoli/-Gudsteneste

Bidra til å gjennomførra arrangementet. Få nok folk som hjelper til, og nok gevinstar.

Frank Harald Vestad  
*Kyrkjeverje*